



HEI!

Det er ei glede å kunne introdusere deg for dette nyhetsbrevet. Intensjonen er at du som medlem, skal få påfyll med tidsaktuelle saker. Samtidig har vi eit ønske om å informere deg om kva som skjer. Kva arbeid som vert lagt ned av NLT sitt styre og av oss i administrasjonen. Nyhetsbrevet vil bli sendt ut på e-post til tilsette og tillitsvalde i våre medlemslag. Håper dette vert godt teken imot. I løpet av året skal det publiserast fire nyhetsbrev, eit per kvartal. Juni kom så fort i år, derfor vert det i år tre nyhetsbrev. Neste nyhetsbrev vert publisert i slutten av september. Er det tema du ønsker at vi skal informere om her? Send oss gjerne tips.

AKTUELT

Det er no tida for sesongarbeidskraft og tilsetting av feriehjelp. Det er viktig å informere medlemene om dei formelle krava som må vera på plass ved korte tilsettingar. Informasjon om dette frå NHO Mat og Drikke finn du [her](#). Denne informasjonen kjem i frå NHO Mat og Drikke sitt månadsbrev. Dersom laget er medlem og ikkje får månadsbrevet tilsendt kan det tingast ved å sende ein e-post til cwh@nhomd.no med kopi til ns@nhomd.no.

WEBTEMP

Ser vi deg på Webtempkurset på haustsamlinga i oktober? Ta kontakt med oss om dette er noko du ynskjer å skaffe deg kunnskap om. Informasjon om Webtemp og innføring i organisasjonen les du meir om [her](#).

ADMINISTRASJONSHANDBOKA

Arbeidet med administrasjonshandboka er godt i gang. Dette vil bli ei elektronisk løysing som vil bli å finna på heimesida vår. Intensjonen er at alle medlemslag skal ha tilgang til dei same dokumenta, og spare både kostnader og tidsbruk på å lage egne dokument. Les meir om arbeidet med administrasjonshandboka [her](#).

VELFERDSORDNINGANE

Grunnpilaren i arbeidet vårt er velferdsordningane. Dei siste åra har diverre ordningane vore under konstant press, og det har medført ekstra innsats for å informere om konsekvensar. Dette er ein prosess som sjølvstøtt vert gjort i samband med jordbruksforhandlinga, men og kontinuerlig i løpet av året. Meir informasjon om noko av det som er arbeidd med hittil i år finn du [her](#).

KURS, SAMLINGAR OG MØTER

På lik linje med deg som administrasjonstilsett eller tillitsvald, og våre avløyssarar er det viktig at styret og administrasjonen i NLT og held seg oppdatert og viser politisk engasjement. Årets fyrste månader er travle med tanke på møteaktivitetar. Styremøter, Generalforsamlingar og årsmøter vert arrangert i alle lag og organisasjonar. Oversikt finn du [her](#).

OPPLÆRINGSFOND

Skal du og ditt lag arrangere kurs for tillitsvalde eller tilsette i administrasjonen? Søk stønad gjennom NLT sitt opplæringsfond. Retningslinjer for bruk av fondet finn du [her](#).

FORSIKRING

Norske Landbrukstenester tilbyr forsikringar ut til medlemslaga, bønder og avløyssarar. Då vi forhandlar forsikringar for alle medlemslaga under eitt får vi gode prisar som våre medlemmer dreg nytte av. Les meir [her](#).

PROGRAM/DATA OG WEB

I løpet av juni skal vi over på ny e-post løysing for organisasjonen. Den nye løysinga er basert på Microsoft Exchange som vert levert av Netsense.

Vi har og forhandla fram ei rammeavtale med Regnskapstall.no om kjøp av deira tenester innan kredittsjekk, rating, pant, roller etc. Les meir [her](#).

DIVERSE

Administrasjonen kjem til å avvikle ferie frå veke 27 til veke 32. I denne perioden ber vi deg kontakte oss på hovudnummeret, som er 53 48 22 80. Veke 29 vil bli ubemanna.

No er vi godt i gang med å utarbeide ny NLT-brosjyre. Brosjyren vert produsert av JS Norge. Brosjyren kjem i eit opplag på 2500, og skal vera klar til Dyrsku'n går av stabelen 9.-11. september. Det blir ein 8-siders brosjyre med aktuell informasjon som gjeld alle medlemslaga våre!

I tillegg til trykt brosjyre, vert det denne gangen også lage til ein reklamefilm.

Det vert med visse mellomrom laga til spørjeundersøkingar, som vert sendt ut til medlemslaga. For at resultatet skal gje oss eit korrekt bilete, er vi avhengig av at du svarer på undersøkinga. Svara vert nytta i argumentsamlingar, til viktige møter med politikarar, faglag, direktoratet samt Landbruksdepartementet og andre.

Har vi den rette adressa til styre og administrasjon i ditt lag? Sjekk dette [her](#).

KVA SKJER FRAMOVER

15. juni Tidlegare informasjonsdirektør i NHO, Kåre Verpe, held kurs i mediehandtering for oss i administrasjonen.
9. – 11 september Dyrsku`n på Seljord. I år fyller Handels- og landbruksmessa på Seljord 150 år. Vi kjem til å ha stand her. Har du har lyst å vera med å representera NLT er du hjarteleg velkomen. Dersom dette er av interesse, send oss gjerne ein e-post.
- 25.- 27. oktober Haustsamlinga i år vert på Thon Hotel Oslo Airport. Tor har allereie arbeida lenge med haustsamlinga. For at samlingane våre skal bli så bra som mogeleg , er det viktig at du kjem med kontinuerlege innspel og ynskjer.
28. – 30. oktober Agrovisjon. Årets mest profesjonelle landbruksmesse. Rett etter haustsamlinga stiller vi i administrasjonen med stand på Agrovisjon. Vil du vere med? Gje oss ein lyd.

NESTE NYHETSBRIV KJEM UT I SLUTTEN AV SEPTEMBER.

**ALLE I STYRET SAMT OSS I ADMINISTRASJONEN ØNSKER DEG
EIN STRÅLANDE OG GOD SOMMAR!**

